



Gaular kommune
Vadheimsvegen 15
6973 SANDE I SUNNFJORD

Saksbehandlar, innvalstelefon
Helge Pedersen, 5764 3101

Varsel om tilsyn med Gaular kommune - Bygstad skule, Sande skule og Viksdalen skule

Frå januar 2018 fastsette Utdanningsdirektoratet nye fells tilsyn på opplæringsområdet. Tilsyna omfattar både offentlege og frittstående skular og strekker seg over fire år. Spesialundervisning er eitt tema i det felles nasjonale tilsynet.

Etter opplæringslova § 14-1 første ledd har Fylkesmannen heimel til å føre tilsyn med at kommunane og fylkeskommunane oppfyller dei pliktene dei er pålagde i eller i medhald av opplæringslova kapittel 1-16 (kommunepliktene).

Reglane i kommunelova kapittel 10 A gjeld for denne tilsynsverksemda.

Tilsynet vil kontrollere om Gaular kommune følgjer regelverket i opplæringslova med forskrifter. For å kontrollere dette undersøker Fylkesmannen skulane i Gaular kommune sine system og praksis.

Grunnskulane i Gaular kommune er valde ut på bakgrunn av kor sannsynleg det er at krava i regelverket ikkje er oppfylte, og kva for konsekvensar det kan få for elevane. I vår risikovurdering har vi lagt vekt på følgjande:

- Skuleåret 2018-2019 viser at 14,6 prosent av elevane i kommunen har vedtak om spesialundervisning. Kommunen ligg høgast i forhold til kommunane i Sogn og Fjordane, og i Vestland som heilheit ligg kommunen nest høgast.
- Spesialundervisning er eit område med høg risiko, dvs. manglar i forhold til dette regelverket kan få store konsekvensar elevane.
- Førre tilsynet med kommunen på opplæringsområdet var i 2013 då vi gjennomførte tilsyn med Sande skule og Bygstad skule sitt arbeid med læreplanar.
- Sjølv om kommunen har ein høg del elevar med vedtak om spesialundervisning, har vi motteke få klager på vedtak om spesialundervisning.
- Tidvis har Fylkesmannen motteke meldingar frå foreldre om forhold knytt til vedtak om spesialundervisning i kommunen.

Tema for tilsynet



Hovudtemaet spesialundervisning inngår i det felles nasjonale tilsynet frå 2018 og er delt inn tre delar:

1. PPT sitt ansvar for å utarbeide sakkunnige vurderingar og hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen
- 2. Gjere vedtak om spesialundervisning**
3. Planlegge, gjennomføre og følgje opp spesialundervisninga

Fylkesmannen varslar med dette tilsyn med deltema 2 og vi kontrollerer:

Gjere vedtak om spesialundervisning, jf. opplæringslova §§ 5-1,5-3,5-4, barnekonvensjonen artikkel 3 og 12 og forvaltningslova §§ 2,17,11a, 23, 25 og 27

Gaular kommune vert slått saman med kommunane Førde, Jølster og Naustdal til Sunnfjord kommune frå 01.01.2020. Skuleeigars forsvarlege system i forhold deltemaet for tilsynet er ikkje inkludert i tilsynet.

Gjennomføring av tilsynet

- Skuleeigar svarar på eigenvurdering via RefLex, jf. liste lenger nede.
- Skuleleiar ved Bygstad skule svarer på eigenvurdering og sender inn dokumentasjon via Reflex til skuleeigar, jf. liste lenger nede.
- Skuleleiar ved Sande skule svarer på eigenvurdering og sender inn dokumentasjon via Reflex til skuleeigar, jf. liste lenger nede.
- Skuleleiar ved Viksdalen skule svarer på eigenvurdering og sender inn dokumentasjon via Reflex til skuleeigar, jf. liste lenger nede.
- Vi kontrollerer dokumentasjonen.
- Vi hentar i tillegg informasjon frå våre eigne system, offentlege register og informasjon på nettstad for kommunen og skulane.
- Vi intervjuar sentrale personar, dvs. skuleeigar (kommunalsjef), skuleleiinga (rektor) ved skulane. Det kan òg vere aktuelt å intervju foreldre.
- Vi vurderer informasjonen om skolens praksis opp mot regelverket.
- Vi utarbeider rapport der våre vurderingar og konklusjonar kjem fram.
- Dersom vi finn brot på regelverket, skriv vi ein førebels rapport, kan kommunen uttale seg om innhaldet i rapporten før vi lagar endeleg rapport med rettefrist.
- Vi publiserer den ferdige rapporten på vår heimeside.
- Dersom vi framleis finn brot på regelverket etter rettefristen, gjer vi eit vedtak med pålegg om retting.
- De får eige brev når vi avsluttar tilsynet.

Reglane for framgangsmåten vi har beskrive ovanfor, finn de her:

- Innhenting av dokumentasjon, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova § 60 c.
- Førehandsvarsel om rett til å uttale dykk, jf. forvaltningslova § 16.
- Rettefrist før vedtak med pålegg om retting, jf. kommunelova § 60 d.
- Våre tilsynsrapportar er offentlege, jf. offentleglova § 3.



Intervju

Intervju med skuleeigar, skuleleiinga og eventuelt foreldre ved Bygstad skule, Sande skule og Viksdalen skule er lagt til tysdag 29. og/eller onsdag 30. oktober 2019. Vi vil kome attende til detaljar for intervju seinare.

De må sende inn dokumentasjon

De har plikt til å sende inn dokumentasjon som vi har beskrive i lista lenger nede i brevet, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova § 60 c.

Gjere vedtak om spesialundervisning – eigenvurderingar via RefLex1:

- a. Skuleeigar: Eigenvurdering i Reflex, dvs. grunngjeving, som gjeld skuleeigars system i forhold til å gjere vedtak om spesialundervisning (7 spørsmål). Skuleeigar sender ikkje inn dokumentasjon til spørsmåla i RefLex.
- b. Skuleleiar ved Bygstad skule - eigenvurdering i RefLex: Spesialundervisning: Gjere vedtak om spesialundervisning (for skuleleiinga) (24 spørsmål).
- c. Skuleleiar ved Sande skule - eigenvurdering i RefLex: Spesialundervisning: Gjere vedtak om spesialundervisning (for skuleleiinga) (24 spørsmål).
- d. Skuleleiar ved Viksdalen skule - eigenvurdering i RefLex: Spesialundervisning: Gjere vedtak om spesialundervisning (for skuleleiinga) (24 spørsmål).

Innsending av eigenvurderingar via RefLex

- Gaular kommune som skuleeigar loggar inn i RefLex og inviterer:
 - skuleleiar ved Bygstad skule om å fylle ut ei (1) eigenvurdering i RefLex, jf. lista over.
 - skuleleiar ved Sande skule om å fylle ut ei (1) eigenvurdering i RefLex, jf. lista over.
 - skuleleiar ved Viksdalen skule om å fylle ut ei (1) eigenvurdering i RefLex, jf. lista over.
- Når skuleleiane på skulane har fylt ut eigenvurderingane i RefLex, sender dei desse til Gaular kommune som skuleeigar.
- Skuleeigar ferdigstiller dei utfylte eigenvurderingane frå skuleleiarane og gir Fylkesmannen tilgang til vurderingane.
- Gaular kommune som skuleeigar fyller ut ei (1) eigenvurdering i Reflex og gir Fylkesmannen tilgang til denne.

Vi minner om følgjande i samband med utfylling i RefLex:

- Svar på alle spørsmåla med ja eller nei, og lagre gjerne undervegs.
- Sjekk rettleiinga som ligg under spørsmålsteiknet til kvart spørsmål dersom du er usikker.
- Skriv ikkje inn eller last opp dokument med personopplysningar i RefLex.
- Sjekk om kommunen ev. har gitt føringar for utfyllinga.
- Sjekk Fylkesmannens føringar.
- Avklar kven som eventuelt skal legge ved dokumentasjon.



Sakkunnige vurderingar og enkeltvedtak om spesialundervisning frå Bygstad skule, Sande skule og Viksdalen skule:

Sakkunnige vurderingar og enkeltvedtak er unntatt offentlegheit og skal ikkje sendast som vedlegg i Reflex, men må sendast med vanleg postgang eller som [sikker melding til Fylkesmannen i Vestland](#).

Vi ønskjer ikkje at sakkunnige vurderingar og enkeltvedtak er anonymiserte.

Dokument Bygstad skule	Årssteg	Tal	Anna
Enkeltvedtak spesialundervisning med sakkunnig vurdering	2.	1	Ikkje anonymisert
Enkeltvedtak spesialundervisning med sakkunnig vurdering	3.	1	Ikkje anonymisert
Enkeltvedtak spesialundervisning med sakkunnig vurdering	4.	1	Ikkje anonymisert
Enkeltvedtak spesialundervisning med sakkunnig vurdering	5.	1	Ikkje anonymisert
Enkeltvedtak spesialundervisning med sakkunnig vurdering	6.	1	Ikkje anonymisert
Enkeltvedtak spesialundervisning med sakkunnig vurdering	7.	1	Ikkje anonymisert
Sum		6	

Dokument Sande skule	Årssteg	Tal	Anna
Enkeltvedtak spesialundervisning med sakkunnig vurdering	5.	2	Ikkje anonymisert
Enkeltvedtak spesialundervisning med sakkunnig vurdering	8.	2	Ikkje anonymisert
Enkeltvedtak spesialundervisning med sakkunnig vurdering	9.	2	Ikkje anonymisert
Enkeltvedtak spesialundervisning med sakkunnig vurdering	10.	11	Ikkje anonymisert
Sum		17	

Dokument Viksdalen skule	Årssteg	Tal	Anna
Enkeltvedtak spesialundervisning med sakkunnig vurdering	3.	1	Ikkje anonymisert
Enkeltvedtak spesialundervisning med sakkunnig vurdering	4.	1	Ikkje anonymisert
Enkeltvedtak spesialundervisning med sakkunnig vurdering	7.	1	Ikkje anonymisert
Enkeltvedtak spesialundervisning med sakkunnig vurdering	9.	1	Ikkje anonymisert
Sum		4	



Frist for innsending av dokumentasjon

Frist for innsending av dokumentasjon og eigenvurderingar med vedlegg via RefLex er **måndag 2. september 2019.**

Kontaktperson hos Fylkesmannen

Helge Pedersen, seniorrådgjevar, tlf. 57643101.

Med helsing

John Ole Vange (e.f)
seksjonsleiar

Helge Pedersen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent